



Arkivnr: 2017/16312-1

Saksbehandlar: Linda Farestveit

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkessopplæringsnemnda		31.10.2017
Utval for opplæring og helse		07.11.2017
Fylkesutvalet		22.11.2017
Fylkestinget		12.12.2017

Mobbeombod og elev- og lærlingombod - framtidig organisering**Samandrag**

Fylkesrådmannen viser til vedtak i Fylkestinget 13.06.17, PS 47/2017 «Evaluering prøveprosjekt med mobbeombod»:

1. «Fylkestinget sluttar seg til fylkesrådmannen si tilråding om å vidareføre ordninga med mobbeombod.
2. Den midlertidige stillinga skal gjerast fast, og utvalet ber om ei sak der plasseringa i organisasjonen av mobbeombodet vert vurdert.
3. Mobbeombodet skal leggje fram ein årleg rapport for fylkestinget.»

Innføring av ordning med mobbeombod og elev- og lærlingombod i HFK har vore vellukka. Når det gjeld spørsmål om organisatorisk plassering, må ein sjå samla på dei to ombodsrollene. Som det går fram av saka, har begge omboda lagt ned ein stor og koordinert innsats for å gjere tilboden om rådgjeving kjent og informere elevar, lærlingar og skular om rettar og plikter. I tillegg har dei bidrige i interne og eksterne nettverk. Dei presenterer seg ofte som ei felles teneste i mange samanhengar, noko som bidreg sterkt til å gi eit heilskapleg inntrykk av omboda sitt felles oppdrag.

Intert i opplæringsavdelinga har dei hatt innverknad på utforming av ulike rutinar og retningslinjer, særleg når det gjeld opplæringslova § 9A. Skulane gir gode tilbakemeldingar på samarbeidet med omboda, og dei blir vist stor tillit og får lett tilgang til relevante arenaer i skulesektoren. Det er avgjерande at ei ny organisering sikrar at det blir lagt til rette for at omboda kan halde fram sitt tette samarbeid, og at den tette dialogen deira med skulane og opplæringsavdelinga ikkje blir svekka.

Det er fleire omsyn som må vurderast når fylkesrådmannen skal legge fram forslag til framtidig organisatorisk plassering av mobbeombodet og elev- og lærlingombodet i HFK. Spørsmål om legitimitet veg tungt, og i den samanheng blir det viktig å få ei organisatorisk plassering som signaliserer og understrekar den uavhengige posisjonen omboda skal ha i forhold til opplæringssektoren. I tillegg har fylkesrådmannen ansvar for å sjå til at omboda har eit godt fysisk og psykisk arbeidsmiljø med god personaloppfølging. I lys av dette meiner fylkesrådmannen at mobbeombodet og elev- og lærlingombodet frå 01.01.18 bør vere organisatorisk plassert direkte under fylkesdirektør økonomi og organisasjon. For å understreke omboda si uavhengige rolle skal det presiserast at omboda har høve til å rapportere direkte til fylkesrådmannen i saker som gjeld deira arbeidsområde.

Økonomi: Denne saka gjeld organisatorisk plassering og har ingen direkte økonomiske verknader. Men spørsmålet om framtidig kostnadsdeling mellom stat og fylkeskommune er omtalt i saka.

Klima: Denne saka tek ikkje opp spørsmål som har klimaverknader.

Folkehelse: Folkehelse er ei viktig forankring av innhaldet i arbeidet til dei to omboda, men dette har ikkje noko med organisatorisk plassering å gjere.

Regional planstrategi: Regional planstrategi er ikkje relevant for denne saka.

Forslag til innstilling

1. Mobbeombodet og elev- og lærlingombodet vert frå 01.01.18 lagt direkte under fylkesdirektør økonomi og organisasjon
2. Mobbeombodet og elev- og lærlingombodet skal ha høve til å rapportere direkte til fylkesrådmannen.
3. Det skal leggast fram forslag til mandat for elev- og lærlingombodet.
4. Mobbeombodet og elev- og lærlingombodet skal levere årleg rapport på eiga verksemd til fylkestinget

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 16.10.2017

Mobbeombodet i Hordaland blei tilsett i ei toårig prosjektordning i august 2015. I juni 2017 blei stillinga gjort fast. Mobbeombodet skal først og fremst vere eit lågterskeltilbod for elevar og lærlingar, og rettleie i konkrete saker knytt til § 9A i opplæringslova.

Elev- og lærlingombodet starta i stillinga i januar 2017. Ansvarsområdet omfattar alle elevar, lærlingar, lærekandidatar og opplæringsinstitusjonar innanfor det fylkeskommunale opplæringstilbodet. Elev- og lærlingombodet skal på eit uavhengig grunnlag bidra til å styrke fylkeskommunen sitt arbeid med å sikre at elevar og lærlingar får ivareteke rettane sine i tråd med opplæringslova. Begge omboda har ein rådgjevande funksjon og er ikkje klageinstans. Omboda skal stå fritt til å uttale seg om forhold som dei meiner må endrast for å gi elevar og lærlingar det dei har krav på. Omboda kan difor opptre med autoritet, identifisere og samanfatte utfordingar og vere synlege og aktive i samfunnsdebatten. Omboda kan fungere som kontaktskapande og konfliktløysande aktørar i tillegg til det formelle klagesystemet, og dermed bidra til auka rettstryggleik for elevar og lærlingar. Mobbeombodet og elev- og lærlingombodet har vore plassert i opplæringsavdelinga sidan dei tok til i stillingane. Når det gjeld ordninga med mobbeombod, er det berre i Hordaland fylkeskommune at mobbeombodet er lagt til opplæringsavdelinga.

Kort omtale av status for omboda, med fokus på siste skuleår

Mobbeombodet

Det er ein aukande pågang av saker. Sakene kjem hovudsakleg frå føresette, men i stadig fleire saker er det tilsette i skulane som ønskjer rettleiing.

	VGS	Lærlingar	Grunnskule	Andre	Totalt
2015 (fom 1. august)	6	1	6	1	14
2016	25	2	6	4	37
2017 (tom 31. juli)	25	2	5	1	33
Totalt	56	5	17	6	84

Tabell: Oversikt over kva grupper som tek kontakt med mobbeombodet.

I tillegg til å gi råd i einskildsaker skal mobbeombodet bidra til å sikre at heile sektoren har kompetanse til å drive eit effektivt førebyggjande arbeid for å sikre at alle elevar og lærlingar får oppfylt retten til eit godt psykososialt miljø. Mobbeombodet bidreg og med kompetanse i handtering av einskildsaker.

Arbeidet som blir gjort kan delast inn i:

- **Informasjonsarbeid** for elevar og elevråd, Ungdommens fylkesutval og fylkesting, samt interne og eksterne samarbeidsfora.
- **Kompetanseheving** for skular, skulehelseteneste, elevinspektørar, OT/PPT, opplæringskontor og lærebodrifter.
- **Systemarbeid** gjennom deltaking i ulike arbeidsgrupper, både interne og eksterne.
- **Nettverkssamarbeid og anna samarbeid** med mobbeombod i andre fylke, Læringsmiljøsenteret i Stavanger og «Trygg i Fjell» (prosjekt i Fjell kommune), Elevorganisasjonen med mange fleire.

Hovudområde for arbeidet til mobbeombodet er som i fjar: Vaksne som krenkjer, elevar på yrkesfag, digitale krenkingar og identitetsbasert mobbing. Det digitale er så godt som alltid ein del av mobbesakene mobbeombodet får.

Mobbeombodet har prioritert skulebesøk i 2016/17, saman med Elevorganisasjonen (elevrådsturnéen). På skulane informerer ombodet om ombodsordninga, om mobbing og rettane til eit godt skolemiljø. I tillegg jobbar mobbeombodet saman med elevråda om korleis dei som elevrådsrepresentantar kan vere gode og

inkluderande leiatar i eigen klasse. Mobbeombodet kursar også tilsette i skulane i ulike tema, til dømes «kva er mobbing», «handtering av mobbesaker», «digital mobbing» eller andre tema som skulen ønsker opplæring eller oppfrisking i. Det er viktig å vere til stades på fleire arenaer, då ombodet ser ein auke i einskildsaker etter foredrag og samlingar.

Elev- og lærlingombodet

Prioriterte arbeidsområde så langt har vore:

- Informasjonsarbeid
- Vere tilgjengeleg for elevar og lærlingar, og svare på spørsmål om rettar og plikter, samt følgje opp i enkeltsaker og gi rettleiing.
- Gjere seg kjent i organisasjonen og legge til rette for eit godt samarbeid med dei ulike partane i vidaregående opplæring.
- Informere Vg2-elevar på yrkesfag om læretid, søknadsprosess for å få lærepass, og rettar og plikter i læretida.
- Informasjonsmøte/oppstartsmøte for nye lærlingar, i samarbeid med bedrifter og opplæringskontor.
- Skuleturné/elevrådsturné saman med mobbeombodet og Elevorganisasjonen. Haust 2017 og vår 2018 er det planlagt og gjennomført ei rekke skulebesøk, der målgruppa er elevrådet. Ved enkelte skular er det også rom for innlegg og samtale med tilsette og leiinga.

Sidan oppstart har det kome inn jamt med spørsmål og saker frå både elevar og lærlingar. Sakene viser at det er flest spørsmål som gjeld lærlingar og læretid. Spørsmåla er varierte og relatert både til opplæringslova, arbeidsmiljølova og korleis den enkelte kan nå fram i systemet. Enkelte av sakene går over lang tid med fleire samtalar og møte, medan andre saker kan løysast med enkle svar og kort informasjon. Sakene som omhandlar opplæring i bedrift, er mest tidkrevjande.

Grupper	Tal saker/spørsmål
Lærlingar	56
Lærekandidatar	2
Elevar	19
Andre (skular, opplæringskontor)	1
Totalt	78

Tabell: Oversikt over kva grupper som tek kontakt med elev- og lærlingombodet.

Framtidig organisatorisk plassering av omboda i lys av nasjonale føringer

Fylkesrådmannen viser til Stortinget sitt vedtak 22. mai 2017 innstilling nr. 289 S (2016-17) om at det skal setjast i verk ei ordning med mobbeombod, enten på fylkeskommunalt eller regionalt nivå. I oppdragsbrev 23.08.17 gir Kunnskapsdepartementet (KD) føringer for kva som skal leggjast vekt på i utarbeiding av styrande prinsipp for ordninga. Utdanningsdirektoratet (Udir) blir mellom anna beden om å leggje vekt på evalueringssrapporten av prøveordninga med mobbeombod som vart utarbeidd av Telemarksforsking. Evalueringssrapporten kom med innspel basert på ei vurdering av følgjande forhold:

- 1) Organiseringa i fylkeskommunane
- 2) Mandat, innretting og faktiske arbeidsområde, og under dette barrierar og suksessfaktorar
- 3) Støtte og faglege nettverk

Ein hovudkonklusjon i rapporten er at det er to faktorar som peikar seg ut som viktige når det gjeld organisering og mandat i ei eventuell framtidig ordning med mobbeombod:

- 1) Behovet for å starte det mobbeførebyggjande arbeidet frå tidleg alder.
- 2) Sikre mobbeombodet sin uavhengigheit til skuleeigar (dvs. fylkeskommunen når det gjeld vidaregående skule).

Begge hovudkonklusjonane fra evalueringsrapporten er følgt opp i Stortinget si politiske handsaming i mai. Det er nytt at ei framtidig ordning med mobbeombod skal omfatte alle barn og unge frå barnehage til vidaregåande skule. Dette vil medføre ei vesentleg endring i mandatet for mobbeombodet i HFK. I tillegg vert det i oppdragsbrevet lagt tydeleg vekt på at organisatorisk plassering av mobbeomboda skal sikre ein uavhengig posisjon: «Oppdraget må derfor løses på en måte som organiserer og plasserer ombudene slik at dette viktige prinsippet i størst mulig grad ivaretas. Dette er samtidig viktig for ordningens legitimitet.»

I same oppdragsbrevet blir det også peikt på at det med innføring av ei nasjonal ordning med mobbeombod i fylke eller regionar er naudsynt å gjere ein grenseoppgang mellom mobbeomboda og dei eksisterande elev- og lærlingomboda: «Departementet understreker at oppdraget primært handler om å foreslå en god organisering og et mandat for nye fylkesvise eller regionale mobbeombud. Det er likevel nødvendig å se hen til det arbeidet som allerede skjer i regi av de eksisterende elev- og lærlingeombudene, og legge forholdene til rette slik at det på sikt blir et oversiktlig og tilgjengelig ombudssystem i tråd med Stortingets anmodning. Avgrensningen i forhold til elev- og lærlingombudene må derfor skje i dialog med fylkeskommunene.»

Framlegg til organisering frå Utdanningsdirektoratet (Udir)

Utdanningsdirektoratet leverte 16.10.17 svar på oppdragsbrevet med framlegg til korleis ei fast ordning med anten fylkesvise eller regionale mobbeombod kan organiserast. På lengre sikt meiner direktoratet at det bør innførast ein modell med *Regionale barnehage- og skuleombod*. Som namnet peikar mot, rår direktoratet til at det regionale barnehage- og skuleombodet på sikt får ansvar for heile lovverket i barnehage og skule.

På kort sikt går derimot direktoratet inn for ei ordning med fylkesvise mobbeombod, men foreslår eit felles nasjonalt mandat. Grunngjevinga for at direktoratet går inn for ei kortsiktig overgangsordning med fylkesvise mobbeombod, er at det vil vere for krevjande for eitt ombod å dekke alle nivå i opplæringa i eit fylke, og at ei arbeidsdeling mellom mobbeombod og elev- og lærlingombod vil vere avgjerande for å gi eit godt tilbod til barn og elevar i alle delar av opplæringa. Ein konsekvens av dette forslaget vil vere at det er elev- og lærlingombodet som i framtida skal vareta rettane inn mot opplæringslova § 9A for vidaregåande opplæring i fylket.

- Framlegg til nasjonalt mandat for dei fylkesvise mobbeomboda:

Mobbeombodet skal støtte og rettleie barn, elevar og foreldre slik at desse får ivareteke sine rettigheter til eit godt psykososialt miljø i barnehage og grunnskule. Mobbeombodet skal i samarbeid med Elev- og lærlingombodet i sitt fylke, bidra til at elevar og lærlingar får vareteke sine rettar til eit godt psykososialt miljø i vidaregåande opplæring.

- Framlegg til oppgåver for mobbeombodet

- Støtte og rettleie barn, elevar og foreldre i saker om psykososialt miljø
- Jobbe førebyggjande med informasjon og opplæring til barn, elevar og foreldre
- Skape dialog og bidra til god tverrfagleg oppfølging etter at saker er handtert
- Bidra til dokumentasjon og erfaringsdeling i fylket og nasjonalt
- Støtte elev- og lærlingombodet i arbeid med psykososialt miljø

- Framlegg til organisering

Mobbeomboda skal vere tilsett i fylkeskommunal stab og lokalisert i lag med elev- og lærlingombod. Stillinga skal finansierast 50/50 mellom stat og fylkeskommunen.

Fylkesrådmannen si vurdering

Etablering av ordninga med mobbeombod og elev- og lærlingombod i HFK har vore vellukka. Som det går fram av saka, har begge omboda lagt ned ein stor og koordinert innsats for å gjere tilbodet om rådgjeving kjent og informere elevar, lærlingar og skular om rettar og plikter. I tillegg har dei bidrige i interne og eksterne nettverk. Dei presenterer seg ofte som ei felles teneste i mange samanhengar, noko som bidreg sterkt til å gi eit heilskapleg inntrykk av omboda sitt felles oppdrag.

Internt i opplæringsavdelinga har dei hatt stor innverknad på utforming av ulike rutinar og retningslinjer, særleg når det gjeld opplæringslova § 9A. Skulane gir gode tilbakemeldingar på samarbeidet med omboda og dei blir vist stor tillit og får lett tilgang til relevante arenaer i skulesektoren. Det er avgjerande at ei ny organisering sikrar at det blir lagt til rette for at omboda kan halde fram sitt tette samarbeid, og at den tette dialogen deira med skulane og opplæringsavdelinga ikkje blir svekka. Fylkesrådmannen merkjer seg særleg Utdanningsdirektoratet sitt forslag om at ordninga med mobbeombod ikkje skal omfatte vidaregåande opplæring. Dette vil medføre ei vesentleg endring frå ordninga i dag og ytterlegare understreke kor viktig det er at det blir lagt til rette for kompetanseutveksling mellom mobbeombodet og elev- og lærlingombodet om dette forslaget blir ståande.

Det er fleire omsyn som må vurderast når fylkesrådmannen skal legge fram forslag til framtidig organisatorisk plassering av mobbeombodet og elev- og lærlingombodet i HFK. Spørsmål om legitimitet veg tungt, og i den samanheng blir det viktig å få ei organisatorisk plassering som signaliserer og understrekar den uavhengige posisjonen omboda skal ha i forhold til opplæringssektoren i HFK og kommunane. I tillegg har fylkesrådmannen ansvar for å sjå til at omboda har eit godt fysisk og psykisk arbeidsmiljø med god personaloppfølging. I lys av dette vil fylkesrådmannen foreslå at mobbeombodet og elev- og lærlingombodet frå 01.01.18 verta organisatorisk plassert direkte under fylkesdirektør økonomi og organisasjon. For å understreke omboda si uavhengige rolle skal det presiserast at omboda har høve til å rapportere direkte til fylkesrådmannen i saker som gjeld deira arbeidsområde.